

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 08.04.2025

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, SV, KrF, MDG, V, Sp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 6

Det er avgjerande at minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til at miljømålet for elva mellom øvre og nedre Botnavatnet oppnår godt økologisk potensial etter Vassforskrifta. I dag har den dårleg økologisk potensial på grunn av periodar med tørrlegging.»

Noralv Distad (H) sette på vegner av H, FrP fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4

Fylkesutvalet viser til vedtak i Osterøy heradsstyre og rår til at ny veg langs Nedre Botnavatnet vert lagt på sørsida av vatnet.»

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag unnateke punkt 4 og punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 4 og punkt 6 fekk ingen røyster og fall.

Vedtak

1. Tiltaket støtter opp om måla i *Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi)* og *Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen)* der hovudmålet at vi har energi-overskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping utan å forringe av naturmangfaldet. Det er vidare ein ambisjon i planen realisere småkraftverk for å auke vasskraftproduksjonen. Vestland fylkeskommunen er med bakgrunn i planane generelt positiv til utbygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivaretatt. Det er positivt at kraftverket vil kunne bidra med arbeid til lokale verksemdar i anleggsfasen.

2. Vestland fylkeskommune ser at det for permanent veg ved Tyssebotn gard vert naudsynt med ei arkeologisk registrering og det vert stilt krav til avklaring av arkeologiske kulturminne. Vi kan difor ikkje ta stilling til utgreiinga si konsekvensvurdering før vi har betre grunnlag. I følgje Riksantikvaren si informasjonsside er det bygg eldre enn 1850 på garden Tyssebotn. Dei utgjer eit samla kulturmiljø og sjølv om ikkje det skal gjerast tiltak med husa, vil etablering av vegtilkomst vesentleg endra kulturmiljøet. Fylkeskommunen som kulturmiljøstyresmakt vil med dette varsle krav om arkeologisk gransking i området i samband med utbygging av kraftverket.

3. Vestland fylkeskommune ber om at det vert tatt omsynet til natur- og kulturlandskap og så langt som råd unngår å øydelegge område som er viktig for biologisk mangfald. Vidare at ein så langt rå unngår tap av viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, nedbygging av karbonrike areal og artsrike naturtypar.

4. Fylkesutvalet viser til vedtak i Osterøy heradsstyre og rår til at ny veg langs Nedre Botnavatnet vert lagt på sørsida av vatnet.

5. Røyrret frå Øvre Botnavatn til ny kraftstasjon bør vurderast for kjerneboring med tunnel i staden for nedgrave røyr, for å unngå et stort langvarig sår i terrenget med en anleggsbredde på 10-30 m.

6. Det er avgjerande at minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til at miljømålet for elva mellom øvre og nedre Botnavatnet oppnår godt økologisk potensial etter Vassforskrifta. I dag har den dårleg økologisk potensial på grunn av periodar med tørrlegging.

7. Arbeidet med rørgata vil kome i konflikt med turstien. Det må sikrast grei passasje under anleggsarbeidet og stien må tilbakeførast mest mogleg til slik den var opphaveleg.